

2014

Norske pengespel **2014**

Gaming in Norway

Statistikk over norske
pengespel og lotteri

Annual statistics report from
The Norwegian Gaming
and Foundation Authority



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Innhald

Føreord.....	4
1. Samandrag.....	5
2. Endring i omsetning	13
3. Norsk Tipping AS og Extra	15
4. Norsk Rikstoto.....	25
5. Digitale plattformer	28
6. Bingo.....	30
7. Andre lotteri.....	34
8. Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn.....	37
9. English summary.....	38
10. Vedlegg.....	41

Nye spel bidreg til omsetningsvekst – men mindre for nettoomsetninga

I 2014 satsa nordmenn totalt 35,9 milliardar kroner på dei regulerte pengespela i Noreg. Dette er om lag 5 milliardar meir enn året før. Gevinstutbetalingane har også auka og 26,6 milliardar kroner gjekk tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Netto omsetning, eller det som vart tapt på lotteri- og pengespel, utgjør etter dette 9,3 milliardar og er 276 millionar kroner meir enn året før. Årsaka til mykje større vekst i satsa beløp enn i nettoomsetning heng mest saman med at Norsk Tipping i 2014 lanserte Instaspill der mellom anna kasinospela har svært høg gevinstprosent.

I gjennomsnitt satsa kvar nordmann 6 979 kroner på regulerte pengespel i 2014, ein auke på 893 kroner samanlikna med året før. Når vi tek omsyn til gevinstane har kvar innbyggjar i snitt lagt igjen 1 808 kroner. Dette utgjør i 0,7 prosent av husstanden si disponible inntekt. Beløpet som er lagt igjen er 34 kroner meir enn året før.

Rikstoto og bingospel hadde ein svak reduksjon i omsetning gjennom 2014. Norsk Tipping sine Belago-terminal i bingolokale auka omsetninga. Dermed har organisasjonane med inntekt frå spel i bingolokale likevel relativt stabile inntekter.

Landslotteria har også hatt ein viss reduksjon i omsetning.

Norske lotteri og pengespel bidreg mykje til samfunnsnyttige og humanitære føremål. Frå spel- og lotteriåret 2014 fekk gode føremål i alt 5,2 milliardar kroner. Dette utgjør ein auke på 164 millionar frå året før. Det meste av pengane vart utbetalt i 2015, og for andre år på rad har nye organisasjonar mottatt inntekter av Norsk Tipping sitt overskot.

I 2015 fekk 26 landsdekkande organisasjonar utbetalt i alt nær 77 millionar kroner i ei overgangsordning for organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001.

Som tidlegare vil vi takke aktørane i den norske pengespelmarknaden for samarbeidet i samband med utarbeiding av denne publikasjon, som av ulike grunnar kjem ut litt seinare enn vanleg.

Førde, mars 2016



Atle Hamar
direktør

Samandrag

1.

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2014 omsett for 35,9 milliardar kroner. Av dette gjekk 26,6 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 9,3 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, og kommisjonærar, forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2014

År 2014	Millionar	
	NOK	EUR ¹
Brutto omsetning (spelt for)	35 852	4 292
Gevinst	26 564	3 180
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	9 288	1 112

År 2014	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar ²	6 979	835	1 808	216
Per innbyggjar 18 år og eldre	8 936	1 070	2 315	277
Per husstand ³	15 353	1 838	3 978	476
Prosent av disponibel inntekt ⁴	2,71 %		0,70 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 6 979 kroner i 2014.

Dette er 893 kroner meir enn i 2013 då satsa beløp per innbyggjar var på 6 086 kroner. Den viktigaste årsaka til veksten er at Norsk Tipping starta med nettbaserte spel (Instaspill) i 2014.

Om vi trekkjer frå gevinstante vil kvar innbyggjar i 2014 ha lagt igjen 1 808 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjer dette 0,7 prosent. Beløpet som er lagt igjen etter gevinstutbetaling er 34 kroner meir enn i 2013 (kr 1 774).

1 Middelkurs 2014 frå Norges Bank 8,3534.


2 Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2014 og 1/1-2015.

3 Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,2 (SSB).

4 SSB: Kvartalsvis inntekts- og kapitalregnskap, nasjonalregnskap, husholdninger og ideelle organisasjoner
Disponibel inntekt 1 321 141 millionar kroner.

Brutto omsetning i 2014

Den norske pengespelmarknaden – brutto omsetning 2014, totalt 35 852 millioner kroner



I 2014 spelte nordmenn for 35,9 milliardar kroner. Det vart satsa 26,0 milliardar på Norsk Tipping sine egne spel, av dette 9,8 milliardar⁵ på Multix- og Belago-spel og 4,5 milliardar på dei nye nettbaserte spela (Instaspill). I tillegg nærare 1 milliard på Extra-lotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for 3,65 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjør den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på i overkant av 4,4 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten, 4,3 milliardar, inkludert sidespel i bingo (elektronisk⁶ og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til 115 millionar kroner.

Blant dei andre lotterier er det landslotterier som hadde størst omsetning, 272 millionar kroner. For lokale og regionale lotteri⁷ estimerer vi omsetninga til 120 millionar kroner.

I 2014 vart det spelt for 453 millionar på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.


Samla brutto omsetning har auka frå 30,9 milliardar kroner i 2013.

5 7,180 milliardar på Multix og 2,653 milliardar på Belago.

6 Databingo.

7 Mindre lotteri, såkalla basarar, er ikkje medrekna.

Den norske pengespelmarknaden år 2014, marknadsandeler av brutto omsetning



Totalt 35,9 mrd. kr

Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto til saman 83 prosent av marknaden.

Pengepremiar og gevinstar i 2014

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	25 956	19 715	6 241	76 %
Norsk Rikstoto	3 649	2 467	1 183	68 %
ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering	955	470	486	49 %
Bingo med entreprenør	4 332	3 407	925	79 %
Landslotteri	272	50	222	18 %
Bingo utan entreprenør	115	70	45	61 %
Lokale/regionale lotteri*	120	20	100	17 %
Spel på skip	453	366	87	81 %
Totalt	35 852	26 564	9 288	74 %

*)Omsetning for lokale/regionale lotteri er delvis estimert (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 26,6 milliardar kroner av innsatsen på 35,9 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent gjekk det mest tilbake frå spel på skip (81 %), entreprenørbingo (79 %) og Norsk Tipping (76 %).

Lotteri bokfører ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (m.a. pga. oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver utan at dette kjem fram i rekneskapen).

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2014

Den norske pengespelmarknaden år 2014, marknadssdelar av netto omsetning



Totalt 9,3 mrd. kr

Norsk Tipping hadde størst netto omsetning (67 %). Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto hadde til saman 80 prosent av marknaden i 2014.

Fordeling til formål og administrative kostnader i 2014

Netto omsetning	Mill. kr	Formål		Administrative kostnader	
		Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent
Norsk Tipping	6 241	3 866	62 %	2 375	38 %
Norsk Rikstoto	1 183	553	47 %	630	53 %
Extra	486	246	51 %	147	30 %
NT's operatørgodtgj. til NT-formål		93	19 %		
Bingo med entreprenør	925	218	24 %	708	76 %
Landslotteri	222	76	34 %	146	66 %
Bingo uten entreprenør *	45	35	78 %	10	22 %
Lokale/regionale lotteri *	100	90	90 %	10	10 %
Spel på skip	87	17	20 %	70	80 %
Totalt	9 288	5 193	56 %	4 095	44 %

*) Estimerte og avrunda beløp

5,2 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (3,9 mrd.) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (62 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk det 553 millionar til formåla.


Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør og Extra. For entreprenørbingo og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter under 30 prosent av nettoomsetninga.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 218 millionar, eller 24 prosent av netto omsetning. Mange av formåla i entreprenørbingo får også inntekt frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Dette er omtalt i kapitela 3 og 6.

Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 17 millionar.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.

Den norske pengespelmarknaden 2014, formåla sine spel- og lotteriinntekter



Totalt 5,2 mrd. kr

Dei administrative kostnadene var i 2014 68 millionar større enn dei var i 2013. Samstundes auka nettoomsetninga med 276 millionar. Formåla har fått 207 millionar meir i 2014 enn i 2013 då formåla fekk 4 986 millionar kroner.

Administrative kostnader⁸ i 2014 utgjorde 4,1 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (2,38 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (38 %). Større kostnadsbeløp kom også frå entreprenørbingo (0,71 mrd.) og Norsk Rikstoto sine spel (0,63 mrd.).

8 Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Kostnader til eventuell tredjepart for sal av spel kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til telemarketing.

Netto omsetning i 2014 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnader til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnehavar		Prosent av netto omsetning
		Mill. kr		
Norsk Tipping, ekskl. Extra	6 241	764		12 %
Extra	486	59		12 %
Norsk Rikstoto	1 183	161		14 %
Totalt	7 909	984		12 %

Frå spela her gjekk det 984 millionar til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnehavarar.

Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter - 2014	Mill.kr	Prosent	
Idrett	2 633	51 %	*
Kultur (utanfor statsbudsjettet)	637	12 %	
Musikk/kultur/fritid	163	3 %	*
Hest/hestesport	553	11 %	
Helse	507	10 %	*
Humanitær	493	9 %	*
Diverse	51	1,0 %	*
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	147	2,8 %	
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	12	0,2 %	
Totalt	5 195 ⁹	100 %	

*) I tillegg får formåla delar av 147 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 2,8 %).

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippeskjelen tildelt gjennom ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur og samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar .

Idretten fekk si tildeling gjennom Kulturdepartementet (64 % av tippeskjelen). Midlane til kultur (18 %) gjekk utanom statsbudsjettet.

Midlar til samfunnsnyttige eller humanitære formål (18 %) vart utbetalt på fleire måtar. Det meste blei betalt direkte frå Lotteritilsynet etter fastsett fordeling. Ein mindre del vart betalt ut av Lotteritilsynet etter søknad

til lag og foreiningar som hadde automatinntekter i 2001 og ei anna mindre del vart betalt ut av Lotteritilsynet etter søknad til lag og foreiningar som ikkje hadde automatinntekter i 2001.

Foreiningar med inntekter frå entreprenørbingo fekk også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belagoterminalar.

Grasrotordninga og midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd kjem også frå Norsk Tipping si speleomsetning, og er heller ikkje medrekna i tippeskjelen.

⁹ På grunn av periodisering av opptening og utbetaling av Norsk Tippings grasrotmidlar er det betalt 1,5 million meir i 2014 enn det som var opptent dette året (357,5 mill. mot 356,0 mill.).

Idrett (2 633 millionar *)

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippe- nøkkelen med 2 263 mill., 222 millionar frå grasrot- ordninga, 105 mill. frå entreprenørbingo, 27 millionar frå NT sine Belago-terminalar i bingo lokale, 12 millionar frå spel på skip og 2 mill. frå landslotteri. I tillegg inngår 3 millionar frå Norsk Tipping utbetalt av Lotteritilsynet til ein skilde lag og foreiningar på grunnlag av automat- inntekter i 2001.

Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

Kultur og fritid (799 millionar *)

Også her er det store inntekter, men det meste til kultur- formål kom frå Norsk Tipping. Over 637 millionar vart fordelt frå tippnøkkelen utanfor statsbudsjettet.

I tillegg er 163 millionar i inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på grasrotmidlar (NT) med 81 mill., entreprenørbingo 43 mill., inntekt frå Belago med 12 millionar, spel på skip 4 mill., landslotteri 1 mill. og tildeling frå Lotteritilsynet på grunnlag av søknad¹⁰ 22 mill.. Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

Hest/hestesport (553 millionar)

Dette er inntekter som i si heilheit kom frå Norsk Rikstoto.

Helse (507 millionar *)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftfore- ingen, Norges Blindforbund og Norges Handikap- forbund. 246 mill. som ExtraStiftelsen Helse- og Reha- bilitering fekk frå Extraspelet er med her, og desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår.

Elles inngår 126 millionar frå Norsk Tipping, 25 mill. frå landslotteri, 44 mill. frå entreprenørbingo, 10 millionar frå Belago, 16 millionar frå grasrotordninga (NT), 40 mil- lionar (NT) som Lotteritilsynet har betalt ut på grunnlag av søknad¹¹ og 0,1 million frå spel på skip.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

Humanitær (493 millionar *)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsssel- skapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 385 millionar, landslotteri med 38 mill., entreprenørbingo med 10 millionar og 3 millionar frå Belago. I tillegg er det rekna med 4 millionar frå Norsk Tippings grasrotmidlar, 52¹² millionar (NT) fordelt etter søknad og 0,5 million frå spel på skip.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

Diverse organisasjonar (51 millionar *)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå entreprenørbingo (15 mill.), 3 millionar frå Belago, landslotteri (10 mill.), grasrotmidlar (NT) (12 mill.), spel på skip (1 mill.) og 9 millionar (NT)¹³ på grunnlag av søknad.

Tiltak vedkommande uheldig speleåtfærd (12 millionar)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg til finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot spele- problem. Dei overordna målsettingane i handlings- planen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

Uspesifiserte inntekter (147 millionar)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (35 mill.), lokale/regionale lotteri (90 mill.) og grasrotmidlar (22 mill.). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele inntek- tene på formåla ovanfor, men vi reknar med at om lag 20 millionar av dette er inntekt frå bingo for lokalradio og – TV.


10 Her blei 15 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 7 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

11 Her blei 18 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 22 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001

12 Her blei 5 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 46 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001

13 Her blei 7 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 2 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

Den norske pengespelmarknaden 2014, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



Totalt 5,2 mrd. kr

Endring frå år 2013

Formåla fekk for 2014 tilført 164 millionar meir enn året før.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2013	2014	Endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	2 226	2 633	407	18 %
Kultur	863	637	- 227	- 26 %
Musikk/kultur/fritid	159	163	4	3 %
Hest/hestesport	591	553	- 38	- 6 %
Helse	521	507	- 14	- 3 %
Humanitær	478	493	15	3 %
Diverse	44	51	8	17 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	136	147	11	8 %
Tiltak vedk. speleavhengigheit	12	12	0	0 %
Totalt	5 030¹⁴	5 194	164	3 %

14 44 millionar kom frå tidlegare års midlar på Norsk Tippings tippenøkkle som ikkje hadde vore utbetalt tidlegare. Dette var omtalt i årsstatistikken for 2013.

Endring i omsetning

Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar kroner	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Endring 2013 - 2014
Brutto omsetning (spelt for)	18 980	22 515	24 751	26 838	28 660	30 915	35 852	16 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	7 879	8 350	8 646	8 907	9 067	9 012	9 288	3 %

Brutto er omsetninga i 2014 auka med 16 prosent frå 2013. Netto omsetning har hatt ein vekst på 3 %. Forskjell i prosentvis endring skuldast at Norsk Tipping lanserte Instaspill i januar 2014 og auka då omsetninga i spel med høgare gevinstprosent.

Norsk Tipping (eksklusiv Extra)								Endring 2013 – 2014
Tal i millionar kroner	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2014
Brutto omsetning	9 612	11 624	13 823	15 311	18 382	20 706	25 956	25 %
Netto omsetning	4 481	4 777	5 125	5 351	5 867	5 886	6 241	6 %

Brutto omsetning i 2014 var 25 prosent større i enn i 2013. Netto omsetning (etter premie-utbetaling) auka med 6 %. Dette skuldast hovudsakleg at Norsk Tipping introduserte Instaspill i 2014 der det er høge gevinstprosentar. Dette blir nærare omtalt i del 3 av rapporten.

Extra								Endring 2013 - 2014
Tal i millionar kroner	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2013 - 2014
Brutto omsetning	967	950	927	903	864	935	955	2 %
Netto omsetning	483	475	463	457	435	474	486	2 %

Brutto- og nettoomsetninga i 2014 er auka med 2 prosent samanlikna med året før.

Norsk Rikstoto								Endring 2013 – 2014
Tal i millionar kroner	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2013 – 2014
Brutto omsetning	3 710	3 625	3 667	3 813	3 879	3 775	3 649	- 3 %
Netto omsetning	1 214	1 186	1 205	1 256	1 267	1 224	1 183	- 3 %

Norsk Rikstoto si omsetning er redusert med 3 prosent gjennom 2014.

Entreprenørbingo								Endring
Tal i millionar kroner	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2013 - 2014
Brutto omsetning	3 955	5 129	5 152	5 812	4 538	4 502	4 332	-4 %
Netto omsetning	1 199	1 326	1 281	1 346	1 016	957	925	-3 %

Omsetning i entreprenørbingo er noko redusert gjennom 2014. Entreprenørbingo er nærare omtalt i del 6 av rapporten.

Landslotteri								Endring
Tal i millionar kroner	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2013 - 2014
Brutto omsetning	396	378	383	291	292	288	272	-6 %
Netto omsetning	322	311	312	251	241	236	222	-6 %

Landslotterier har hatt ein reduksjon på 6 % i 2014.

Andre spel/lotteri

Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

Bingo utan entreprenør	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Tal løyve:	570	500	460	380	350	340	260
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning ¹⁵ : (brutto omsetning, tal i millionar)	230	220	210	160	145	140	115

Totalt syner tal frå Lotteriregisteret ein klar reduksjon i lag som arrangerer bingo utan entreprenør.

Lokale / regionale lotteri	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Tal meldingar motteke	2 610	2 420	2 420	2 540	2 350	2 210	2 250
Tal løyve gitt:	100	100	90	80	80	70	70
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning ¹⁶ : (brutto omsetning, tal i millionar)	110	120	120	130	130	110	120

På grunnlag av tal meldingar, løyve og rekneskap i 2014 har vi estimert ein liten vekst i omsetninga i 2014.

Spel på skip						Endring
Tal i millionar kroner	2010	2011	2012	2013	2014	2013 - 2014
Brutto omsetning	469	413	431	459	453	-1 %
Netto omsetning	90	85	86	90	87	-3 %

På skip var det ein liten reduksjon i omsetninga i 2014 samanlikna med 2013.


¹⁵ Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill. (5 mill. i 2012, 2013 og 2014)

¹⁶ Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill. (sjå vedlegg for berekningsmåte).

Norsk Tipping AS og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 26,9 milliardar kroner i 2014. Dette inkluderer også talspelet Extra som Norsk Tipping opererer på vegne av ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering¹⁷.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2014, total 26 911 millionar kroner



Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker, Eurojackpot og Keno	7 336	27 %
	Extra	955	4 %
Sportsspel:	Tipping	574	2 %
	Oddsen ¹⁸	1 634	6 %
	Liveoddsen ¹⁹	943	4 %
Skrapelodd:	Flax (papir)	1 121	4 %
Terminalspel:	Multix og Belago	9 833	37 %
Instaspill:	Flax, Bingoria, KongKasino og Yezz	4 514	17 %
Total brutto omsetning		26 911	100 %

31 prosent av samla innsats vart satsa på talspel (Lotto, Viking Lotto, EuroJackpot, Joker, Keno samt Extra). Legg ein til omsetninga frå Flax, Multix, Belago og Instaspill, kjem 88 prosent av omsetninga frå spel der sjansen for gevinst er heilt tilfeldig. Sportsspela Tipping, Oddsen og Liveoddsen stod for 12 prosent av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane.

¹⁷ I statistikkar til og med for året 2010 var Extra presentert for seg.

¹⁸ Her inngår Langoddsen, Oddsbomben og Vinneroddsen.

¹⁹ Liveodds og Instaspill kan berre spelast online (web og mobil).

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel inkludert Extra	Sports- spel	Skrape- lodd (papir)	Terminal- spel (Multix og Belago) ²⁰	Instaspill	Totalt
Total brutto omsetning	8 291	3 151	1 121	9 833	4 514	26 911
Totalt til gevinst	4 117	2 246	587	9 037	4 196	20 184
Total netto omsetning	4 174	905	534	796	318	6 727
Gevinstprosent	50 %	71 %	52 %	92 %	93 %	75 %

Totalt gjekk 75 prosent tilbake til spelar som gevinst. 25 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål. Samanlikna med 2013 er den totale gevinstprosenten auka frå 71 til 75 prosent. Auken skuldast mellom anna lansering av Instaspill i 2014 der gevinstprosenten er høg.

Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd med høvesvis 50 og 52 prosent.

Sportsspel har ein samla gevinstdel på 71 prosent der Liveoddsen har høgaste prosent (84 %). Dei andre oddsspela hadde ein samla gevinstdel på 70 prosent²¹. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten 54.

Høgaste gevinstprosent har terminalspela med 92 prosent og Instaspill med 93 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk eller via Internett. Talet på kommisjonærar var 3 923 den 31. desember 2014. Spel via Internett skjer både på PC, mobil og nettbrett.

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnettet (8 405 mill.²², og i tillegg 9 833 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago)). Vidare spelte nordmenn for 8 672 millionar over Internett og mobil. 2 141 mill. på sportsspel, 2 018 mill. på talspel (som Lotto og Extra). På Instaspill der det berre kan spelast over Internett og mobil blei det satsa totalt 4 514 millionar kroner.

20 Multix: Brutto 7 180 mill og netto 575 mill. Belago: Brutto 2 653 mill og netto 221 mill.

21 Langoddsen 70 %. Vinneroddsen og Oddsbomben har fast gevinstprosent på høvesvis 65 % og 60 %.

22 Av dette utgjer Spill i kasse 421 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) som blir selt over disk i daglegvareforretningar.

Netto omsetning og fordeling på aktørane

Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 6 727 millionar kroner, inklusiv omsetning for Extra.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	4 204,8	63 %
Til Norsk Tipping AS	1 699,2	25 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar)	822,7	12 %
Sum = netto omsetning	6 726,7	100 %

Til formåla gjekk det 4 205 millionar kroner eller 63 prosent av netto omsetning. I 2013 var prosenten til formål 62, som då utgjorde 3 946 millionar.

I 2014 vart 3 536 millionar utbetalt over tippenøkkelen. Det er i tillegg rekna med 55 mill. frå Belago-terminalene som formålsinntekt i bingo, 356 millionar kroner til

mottakarar under ordninga med Grasrotandelen og 246 mill. til ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering. I beløpet inngår også 12 mill. til tiltak vedkomande uheldig spele-åtfærd.

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2014 blir utbetalt til formål i 2015.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill. kr
NT sin del av inntekt frå eigne spel og Extra (til NT's drift)	1 699
NT sine samla netto kostnader ²³	1 689
Midlar som er haldne tilbake i NT	10

Fordeling til overskotsformål – Tippenøkkelen^{24,25}

Frå fordeling frå 2014 - overskotet gjekk 2 263,1 millionar til idrettsformål. 636,5 mill. til kulturformål utanfor statsbudsjettet og 636,5 mill. til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar.

Blant kulturformål utanfor statsbudsjettet fekk *Den kulturelle skolesekken* 210 mill., *Kulturbygg* 96 mill. og *Frifondordningen* 148 mill.

Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under.²⁶

²³ Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigerert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er ikkje rekna med her.

²⁴ 2014 overskotet er fordelt i samsvar med § 10 i pengespellova (gjeldande frå 01.01.2014).

²⁵ Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2015-2016) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 25 til 28.


²⁶ Pressemelding frå Kulturdepartementet 24. april 2015, beløp er avrunda.

Tal i millionar kroner

Idrettsanlegg	1 131,0
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	636,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	294,0
Spesielle aktivitetar	93,8
Forsknings- og utviklingsarbeid	26,8
Nasjonalanlegg / spesielle anlegg	81,6
Totalt	2 263,1

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hv. 50 % og 28 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar år 2014



Totalt 2 263 mill. kr

Totalt fekk samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar 636,5 millionar.

Det meste (559,7 millionar) vart betalt ut som kompensasjon til organisasjonar som hadde automatinntekter i 2001. Det resterande (76,8 millionar) vart betalt ut i ei overgangsordning til organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001.

I utgangspunktet blei det fordelt 616,5 millionar til organisasjonar som tidlegare hadde automatinntekter, men av dette vart 56,8 millionar ikkje utbetalt og overført til overgangsordninga for dei som ikkje hadde automatinntekter. Fordelinga er vist under:

Til organisasjonar med automatinntekt i 2001	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2014
10 H	511,1 mill
Andre organisasjonar	48,6 mill
Utbetalt	559,7 mill
Overført og utbetalt etter overgangsordning ²⁷	56,8 mill
Totalt	616,5 mill

10 organisasjonar som utgjer 10 H fekk totalt utbetalt 511 millionar. For 5 humanitære organisasjonar utgjer dette i alt kroner 385 millionar. For 5 helseorganisasjonar 126 millionar.

	Millionar		Millionar
Norges Røde Kors	215,2	Kreftforeningen	69,0
Redningselskapet	132,5	Norges Handikapforbund	20,3
Norsk Folkehjelp	16,0	Norges Blindeforbund	18,5
Redd Barna	11,1	Landsf. for hjerte og lungesyke	11,7
Flyktninghjelpen	9,9	Nasjonalforeningen for folkehelsen	6,8

381 andre lag og foreiningar som før hadde automatinntekter har etter søknad til Lotteritilsynet fått tildelt totalt 48,6 millionar kroner (ved denne tildelinga har vi innvilga sju fleire søknadar enn året før). Dette er fordelt på følgjande kategoriar av lag og foreiningar:

	Tal foreiningar	Totalt tildelt
Idrett	34	2,8 mill
Helse	74	18,2 mill
Musikk/kultur/fritid	201	15,2 mill
Humanitær	51	5,4 mill
Diverse	22	7,1 mill
Total	381	48,6 mill

Utbetaling etter overgangsordning

Organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001 kunne for andre gong, søke om midlar frå tippespøkkelen. Totalt betalte Lotteritilsynet ut 76,8 millionar kroner etter ei eiga søknadsordning. Utbetalinga vart gjort i 2015.

Tilskot fordelt til organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001	20,0 mill
Restpott overført til overgangsordning etter fordeling til automatorganisasjonane	56,8 mill
Totalt tilskot til organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001	76,8 mill

27 Jf. Forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping § 6b.

26 landsdekkande organisasjonar²⁸ har etter søknad fått utbetalt beløpet:

	Tal organisasjonar	Totalt tildelt
Helse	19	21,6 mill
Musikk/kultur/fritid	2	6,9 mill
Humanitær	3	46,2 mill
Diverse	2	2,1 mill
Total	26	76,8 mill

²⁸ Sjå vedlegg for namn på organisasjonane og fordeling.

Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si speleomsetning i 2014 har det gått 356 millionar²⁹ til nær 24 200 lokale lag og foreiningar. Inntil 5 prosent av innsatsen som blir satsa i spel kan gå til foreiningar som Norsk Tipping sine spelarar sjølv

bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivilligregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivilligregisteret (ICNPO)	Lotteritilsynet si kategorisering	Utbetalte grasrotmidlar i 2014 – kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	222 067 337	7 559
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	32 906 890	5 068
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	25 643 249	4 352
Interesseorganisasjonar	Helse	15 956 784	2 109
Sosiale tenester	- fleire kategoriar	12 587 387	787
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	12 179 415	1 091
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	9 442 151	1 434
Dyrevern	Diverse	9 324 489	89
Andre helsetenester	- fleire kategoriar	4 893 058	400
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	3 673 850	209
Tru- og livssynsorganisasjonar	Diverse	2 110 209	359
Krisehjelp og støttearbeid	- fleire kategoriar	1 788 584	153
Økonomisk og materiell støtte	- fleire kategoriar	1 431 224	89
Mangfald og inkludering	- fleire kategoriar	1 183 932	140
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	794 825	8
Natur- og miljøvern	Diverse	479 217	114
Frivilligsentralar	Musikk/kultur/fritid	477 317	71
Andre	Diverse	198 941	17
Politiske organisasjonar	Diverse	139 510	58
Sjukeheimar	Helse	52 224	2
Bustad- og lokalmiljø	Diverse	44 750	27
Yrkessamanslutningar	Diverse	43 053	16
Forsking og utvikling	Diverse	32 375	6
Sjukehus og rehabilitering	Helse	23 930	3
Juridisk rådgiving	Diverse	15 873	2
Annen utdanning	Diverse	13 698	7
Grunn og vidaregåande utdanning	Diverse	10 410	3
Arbeidstakarorganisasjonar	Diverse	4 849	6
Arbeidsopplæring	Diverse	4 846	1
Næringslivs- og arbeidsgjevarorganisasjonar	Diverse	2 029	1
Total		357 526 406	24 181

²⁹ På grunn av periodisering av opptening og utbetaling er det betalt ut i alt 357,5 millionar der ein liten del skriv seg frå tidlegare omsetning. Mellom anna mottek ikkje organisasjonar midlar før opptent beløp har nådd ein viss storleik.

I høve til Lotteritilsynet si kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2014	Millionar	Prosent
Idrett	222	62 %
Helse	16	4 %
Musikk/kultur/fritid	81	23 %
Humanitær	4	1 %
Diverse	12	3 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	22	6 %
Totalt	358	100 %

Største delen av grasrotmidlane, 62 prosent, har i 2014 gått til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse- og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som

her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålsmottakarar i dei bingo-hallane der terminalane er utplassert.

For 2014 gjekk det frå desse terminalane 55,2 millionar til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast prosent av netto omsetning på Belago-terminalene (25 % av 221 millionar i 2014). Beløpet blir betalt ut gjennom bingo-entreprenørane. Basert på kategorisering av ICNPO koder (som for grasrotandelen) viser Lotteritilsynet korleis dette fordeler ser på fem kategoriar av lag og foreiningar.

Belago	Millionar
Idrett	26,6
Helse	10,3
Musikk/kultur/fritid	11,5
Humanitær	3,3
Diverse	3,4
Totalt	55,2

Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 485,6 millionar kroner til fordeling mellom aktørane. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan førebygging, rehabilitering og forskning.

Frå netto omsetning i 2014 fekk ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering 245,5 millionar eller 51 prosent av netto omsetning.

Ein del av overføringa til NT, var operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2014 utgjorde dette 93,1 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT sine formål. Dette utgjorde 19 prosent av Extra si netto omsetning.

Fordeling til formål frå ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering


ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekkje organisasjonar. Frivillige/ humanitære organisasjonar med helse- og rehabiliteringsrelatert verksemd samt funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir

fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer. Frå speleoverskotet i 2014 delte stiftelsen ut 232,7 millionar fordelt på 538 prosjekt.

Fordeling til formål frå Extra	Mill. kr	Prosent
Førebygging	66,0	32,5 %
Forsking	71,2	35,0 %
Rehabilitering	66,0	32,5 %
Sum	203,3	100,0 %
Adm.tilskot til mottakarorganisasjon	29,4	
Totalt	232,7	


Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut frå 2014-overskotet fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.

Extraspelets midlar fordelt på aldersgrupper 2014



Totalt 203 mill. kr


Extraspelets midlar fordelt på helseområdet 2014



Totalt 203 mill. kr

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,65 milliardar kroner i år 2014.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel år 2014, totalt 3 649 millionar kroner



Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 649,4	100 %
Totalt til gevinst	2 466,7	68 %
Total netto omsetning	1 182,6	32 %

Om lag to tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst, og ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Talet på kommisjonærar med terminalar har minka litt gjennom 2014, frå 1 687 (1. jan) til 1 644 (31. des). I Norge er det 12 trav- og galoppbaner, men det kan også spelast på løp i andre land.

56 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar over disk. Omsetning på baner utgjorde omkring fire prosent, medan Internett utgjorde rett under 40 prosent. I 2013 utgjorde omsetninga over Internett 36 prosent.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær (ikkje over Internett)	2 043,1	56,0 %
Baner	160,6	4,4 %
Internett ³⁰	1 445,6	39,6 %
Total	3 649,3	100,0 %

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter utbetaling av gevinstar, var det 1 183 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål ³¹	552,8	47 %
Avgift til staten	135,0	11 %
Til operatør (Rikstoto)	333,5	28 %
Til kommisjonær	161,3	14 %
Sum = netto omsetning	1 182,6	100 %

Til formåla gjekk det 553 millionar kroner eller 47 prosent av netto omsetning. I 2013 var prosenten til formål 48, som då utgjorde 591 millionar.

Fordeling til formål	Mill. kr
V75 og storløp-premiar	57,5
Transporttilskot	2,4
Norsk Hestesenter	33,3
Det Norske Travelskap	80,8
Norsk Jockeyklubb	25,3
Bidrag avskrivning finans	13,9
Provisjon driftsselskap (banene)	339,7
av dette drift løpsbaner ³²	177,2
av dette premiar til hesteeigarar ³³	162,5
Totalt	552,8

Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

Det Norske Travelskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

30 Spel via mobiltelefon via m.rikstoto.no og mobil.rikstoto.no inngår under internettspel.

31 I overføring til formål inngår ikkje overføringar til Rikstotoklinikken Bjerke.

32 Beløp inneheld vederlag for sal av spel på banene.


33 Her inngår 23,6 millionar i oppdrettspremiar.

Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskrivning finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning i regionen til det einsskild DS. Inntekt skal dekkje drift på den einsskilde løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.

Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto år 2014



Totalt 552,8 mill. kr

Statsavgift

Avgift til staten (135 mill.) er ei fiskalavgift til statskassa utan øyremerking.

Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 161 mill. eller 14 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira egne nettsider.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill. kr
RT sine inntekter frå hestespel	270,5
Andre inntekter	64,6
Samla kostnader	306,6
Årsresultat	28,5

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit overskot på 28,5 millionar kroner for 2014. Til samanlikning var underskotet 8,8 millionar i 2013 og 1,1 millionar i 2012.

5.

Digitale plattformer

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over Internett der ein kan spele frå PC, nettbrett og mobiltelefon. For dei fleste spel er det innsats og eventuell gevinst som blir overført via Internett, og spela er då dei same som om ein går til tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner. Spel i kategorien Instaspill hos Norsk Tipping samt Liveodds kan berre spelast over Internett eller mobil.


Spelar opprettar ein spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkort eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto. Norsk Tipping lanserte i 2014 nye nettbaserte spel.

Det blei lansert 3 ulike typar spel under felleskategorien Instaspill: KongKasino, eFlax (elektroniske skrapelodd) og Bingoria. Desse spela hadde i 2014 ei netto omsetning på 318 millionar kroner. Brutto omsetning for dei same spela var 4 514 millionar kroner.

På Internett og mobil hadde Instaspill dermed om lag like stor bruttoomsetning som dei andre spela til Norsk Tipping til saman. Totalt bruttoomsetning (satsa beløp) for Instaspill bidreg til den store veksten frå 2013 til 2014. Netto omsetning eller det som blir lagt igjen/tapt etter gevinstutbetaling har ikkje endra seg tilsvarande.

Digitale plattformer - brutto omsetning (mill. kr)	2010	2011	2012	2013	2014	Endring frå 2013	
Norsk Tipping (inkl. Extra)	1 660	2 091	2 860	3 590	8 672	5 082	142 %
Norsk Rikstoto	919	1 081	1 250	1 372	1 446	74	5 %
Totalt	2 579	3 171	4 110	4 961	10 119	5 157	104 %

Brutto omsetning - spel på digitale plattformer i 2002 - 2014, totalt 10 119 mill. kr i 2014



Dette var brutto omsetning på dei godkjende norske pengespele. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2014³⁴ og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert anslag for spel på Internett for 2014.

Frå undersøkingane har 11 prosent av nordmenn over 18 år brukt Internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). I 2014 utgjorde dette 440 000 nordmenn over 18 år. 4 % spelte på utanlandske nettstader. Lotteritilsynet reknar ikkje med at spørjeundersøkingane fangar opp alle som spelar, men meir dei som spelar ofte og regelmessig enn dei som spelar sjeldan og sporadisk.

For 2014 anslo Lotteritilsynet at nordmenn etter gevinstutbetaling la igjen omkring 1 200 millionar kroner på utanlandske nettstadar, jf. Lotteritilsynets utgreiing om sosialpolitiske og kriminalpolitiske konsekvensar levert til Kulturdepartementet mai 2015. Merk at dette beløpet er netto omsetning og ikkje kan samanliknast med tala i tabellen over som viser brutto omsetning i den regulerte marknaden.

34 Kvartalsvise målingar gjort i 2014 (totalt 4 000 spurde over 18 år).

6.

Bingo

Bingo deler vi i to typar:

Bingo med entreprenør der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar får overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar. Oversikten nedanfor er basert på rapporterte data i Lotteriregisteret med informasjon om bingoentreprenørar som til saman dreiv 230

bingolokale per 31. desember 2014. Talet lokale i entreprenørbingo er auka med fire sidan utgangen av 2013 då talet var 226. Talet på entreprenørar var 60 ved utgangen av 2014, og fem færre enn i 2013.

Bingo med entreprenør - nøkkeltal år 2014

Brutto omsetning (sidespel er inkludert)	4 332 mill kr
Gevinst	3 407 mill kr
Netto omsetning	925 mill kr
administrativ kostnad	708 mill kr
overskot til formåla	218 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	24 %
Gevinstprosent	79 %

Entreprenørbingo omsette for 4,3 milliardar kroner i år 2014. Til lag og organisasjonar vart det overført 218 millionar kroner eller 5 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 79 prosent og formåla sin del av netto omsetning er 24 prosent.

Samanlikna med 2013 er omsetninga litt redusert. Brutto omsetning i 2013 var 4 502 millionar kroner, og netto omsetning var 957 millionar kroner.

Formåla har i 2014 fått 17 millionar mindre enn i 2013, men dette er før vi reknar med inntekt frå Belago.

Dei fleste formåla hos bingoentreprenørar har i tillegg inntekt frå Belago.

Norsk Tipping sine Belago-terminaler er utplassert i bingolokale, og formålsinntektene går til same formål som har inntekt frå dei andre spela i bingolokalet. I 2014 fekk formåla 55 millionar kroner frå Belago, ein auke på 8 millionar kroner frå 2013.

Formåla i entreprenørbingo har dermed samla fått 9 millionar kroner mindre i 2014 enn i 2013 når vi reknar med Belago.

Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2014

Tal i millionar kroner	Brutto-omsetn.	Gevinst	Gevinstprosent	Netto-omsetn.	Til formål	% til formål av netto-omsetn.
Hovudspel	1 290	888	69 %	403	61	15 %
Sidespel:						
- databingo	3 039	2 518	83 %	522	157	30 %
- papirsidespel	2,3	1,4	63 %	0,8	0,3	30 %
- sidespel totalt	3 042	2 519	83 %	523	157	30 %
Totalt	4 332	3 407	79 %	925	218	24 %

For hovudspel har netto omsetning hatt ein liten auke frå 2013 då den var 397 millionar kroner. Netto omsetning for sidespel er redusert frå 561 millionar i 2013. Totalt sett er omsetninga noko redusert samanlikna med 2013.

79 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har sidespel med 83 prosent.

Lag og foreiningar fekk totalt 218 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo utan at Belago er rekna med. 72 prosent av desse inntektene kom frå sidespela, og hovudsakeleg frå databingo (157 millionar kroner).

Bingoentreprenørane har rapportert at dei spelte for 3 353 lag og foreiningar i 2014. Dette er ein auke med 84 lag samanlikna med 2013 då talet var 3 269 lag.

Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingospel får også inntekt frå Norsk Tippings Belago-terminalar som er utplassert i bingohallar. Utplasseringa av desse tok til hausten 2011, og for 2014 vart det gjennom bingoentreprenørane fordelt 55 millionar kroner.

Ved utgangen av 2014 var det utplassert 1 492 Belago-terminalar i 214 bingohallar. Inntekt frå Belago vart fordelt på nærare 3 150 lag og foreiningar.


Ved utgangen av året stod det databingoterminalar i alle bingohallane, og det var utplassert i overkant av 6 000 databingoterminalar. Dette er omtrent uendra frå tidlegare år.

Formål	Bingoinntekter (hovud - og sidespel) ³⁵	Belagoinntekter ³⁶	Totalt	
	Mill.		Mill.	Prosent
Idrett	105	27	131	48 %
Helse	44	10	54	20 %
Musikk/kultur/fritid	43	12	55	20 %
Humanitær	10	3	13	5 %
Diverse	15	3	19	7 %
Totalt	218	55	273	100 %

35 Lotteriregisteret viser inntekter fordelt til formål på 211 millionar kroner. Differansen mot 218 millionar kroner frå tabellane skuldast gebyr betalt til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Denne differansen er lagt til med prosentvis fordeling på dei ulike kategoriane.

36 Formålsinntekter frå Belago er vist her, men inngår elles i rapporten som formål frå Norsk Tipping sine spel.

Inntekt til formåla i 2014 medrekna Belago, totalt 273 millionar kroner.



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 131 millionar kroner når Belago blir medrekna. Blant andre kategoriar er det foreiningar innan helse samt musikk,

kultur og fritid som hadde størst inntekt med høvesvis 54 og 55 millionar kroner.

Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingoar*. I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er henta frå Lotteriregisteret og mottekne bingorekneskap for 2014³⁷.

I oppstillinga under inngår det 186 rekneskap for foreiningsbingo og 62 rekneskap for radio/TV-bingo. Det var for 2014 gitt løyve til 195 foreiningsbingo og 69 løyve for radio/TV-bingo. I 2013 var tala for løyve til foreiningsbingo 262 og 73 løyve til radio/TV-bingo.

Bingo utan entreprenør - nøkkeltal år 2014

	Foreiningsbingo	Radio/TV	Sum
Brutto omsetning (runda til næraste 5 mill)	60 mill kr	55 mill kr	115 mill kr
Gevinst	40 mill kr	30 mill kr	70 mill kr
Netto omsetning	20 mill kr	25 mill kr	45 mill kr
administrativ kostnad	5 mill kr	5 mill kr	10 mill kr
overskot til formål	15 mill kr	20 mill kr	35 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	25 %	36 %	30 %
Formåla sin del av netto omsetning	75 %	80 %	78 %
Gevinstprosent	67 %	55 %	61 %

Brutto omsetning for bingo utan entreprenør var på 115 millionar kroner i 2014, fordelt på høvesvis 60 millionar kroner for foreiningsbingo og 55 millionar for radio/TV-bingo. Samanlikna med 2013 er dette ein nedgang,

då brutto omsetning i 2013 vart estimert til 140 millionar kroner, fordelt på 70 millionar kroner for foreiningsbingo og 70 millionar for radio/TV-bingo.

37 Grunna manglar i rekneskapsrapporteringa til Lotteriregisteret har vi tidlegare år estimert nøkkeltala ved hjelp av oppvekting av datagrunnlaget. Frå 2014 er det rapporterte grunnlaget betra og vi kan difor nytte data frå Lotteriregisteret utan oppvekting.

7.

Andre lotteri

I tillegg til bingo har vi for 2014 registrert om lag 2 360 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga.

Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har og gjort eit estimat for dei lokale eller regionale lotteria.

Landslotteri

Landslotteri er som regel landsdekkjande.

For 2014 har vi fått innrapportert 43 lotteri. I 2013 var talet 40.

Landslotteri - nøkkeltal år 2014

Loddsal	272 mill kr
Gevinstkostnad	50 mill kr
Netto omsetning	222 mill kr
administrative kostnader	146 mill kr
overskot til formåla	76 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	28 %
Formåla sin del av netto omsetning	34 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	18 %

Landslotteria omsette for 272 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2014 var 50 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte frå. Administrative kostnader utgjorde 146 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 76 millionar. Dette utgjorde 28 prosent av brutto – og 34 prosent av netto omsetning.

Samanlikna med 2013 er omsetninga og overskotet til organisasjonane litt redusert. I 2013 utgjorde loddsalet 288 millionar og overskotet til organisasjonane var 81 millionar kroner.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlemsal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar. I tillegg inngår pantelotteriet frå Norsk Pantelotteri AS der Røde Kors mottar inntekter.

Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori ³⁸	Brutto oms. (mill.)	Overskot (mill.)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	20,2	1,8	7 %	2 %	9 %
Helse	97,4	25,2	36 %	33 %	26 %
Musikk, kultur og fritid	5,1	1,3	2 %	2 %	25 %
Humanitær	126,4	37,8	46 %	50 %	30 %
Diverse	23,2	9,8	9 %	13 %	42 %
Totalt	272,2	75,8	100 %	100 %	28 %

Helse- og humanitære organisasjonar har størst omsetning og totalt 82 prosent av heile marknaden

Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill.)	Adm. kostn. (mill.)	Overskot (mill.)	Adm. kostn. av netto omsetning	Overskot av netto omsetning
Idrett	18,0	16,2	1,8	90 %	10 %
Helse	84,4	59,2	25,2	70 %	30 %
Musikk, kultur og fritid	4,4	3,2	1,3	72 %	28 %
Humanitær	94,3	56,6	37,8	60 %	40 %
Diverse	20,9	11,1	9,8	53 %	47 %
Totalt	222,1	146,3	75,8	66 %	34 %

Administrative kostnader utgjorde 146 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, enten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal etc., men ikkje gevinstkostnader.

For ein del lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. For 20 lotteri har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 23 millionar kroner.

Organisasjonar med loddosal over 20 millionar kroner i 2014 (2013)

- Norges Røde Kors (pantelotteriet) 79 mill. kr (73 mill. kr)
- Landsforeningen for hjerte- og lungesyke 46 mill. kr (53 mill. kr)
- Redningsselskapet 26 mill. kr (24 mill. kr)

38 Liste over organisasjonane i vedlegg.

Lokale/regionale lotteri

Til saman vart det registrert 2 318 lokale og regionale lotteri i 2014. 2 249 er meldingslotteri og i tillegg har 69 lotteri fått løyve³⁹.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat for meldingslotteri.

Berekning for lokale/regionale lotteri

Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2014

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	120 mill kr
Gevinstkostnad	20 mill kr
Netto omsetning	100 mill kr
administrativ kostnad	10 mill kr
overskot til formåla	90 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	75 %
Formåla sin del av netto omsetning	90 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	17 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

³⁹ Arrangør av lotteri med omsetning opp til kroner 200 000,- per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning over kroner 200 000,- treng løyve frå Lotteritilsynet.

Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

8.

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter forskrift frå 1. januar 2009. Av overskotet (netto omsetning) skal 20 prosent gå til lotteriverdige organisasjonar.

I praksis er det Color Line sine seks skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne

forskrifta. Om bord på skipa er der to typar spel: Automatar og spelebord. Spelebord er Black Jack og rulett. Rulett er berre tilgjengeleg på dei to største skipa.

Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2014 for 453 millionar om bord i desse skipa. Det meste vart spelt på automatar, men 10 prosent vart satsa ved spelebord.

Spel på skip – nøkkeltal 2014

Brutto omsetning ⁴⁰	
Automatar	405,8 mill kr
Spelebord	47,2 mill kr
Totalt	453,0 mill kr
Utbetalt gevinst	
Automatar	335,2 mill kr
Spelebord	30,7 mill kr
Totalt	365,9 mill kr
Total netto omsetning	87,1 mill kr
administrativ kostnad	69,7 mill kr
overskot til formåla	17,4 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	4 %
Formåla sin del av netto omsetning	20 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	81 %

17 millionar var fordelt til 43 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	12,0	69 %
Helse	0,1	1 %
Musikk/kultur/fritid	3,7	21 %
Humanitær	0,5	3 %
Diverse	1,1	6 %
Totalt	17,4	100 %

⁴⁰ Brutto omsetning for automatar er beløpet som er lagt på automatar av fysiske pengar og for spelebord er brutto omsetning talet på sjetongar som er kjøpt.

9. English summary

In 2014 the turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 35.9 billion. Out of this, the players collected NOK 26.6 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 9.3 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover increased from NOK 30.9 billion in 2013⁴¹.

Key figures in the gaming market in Norway

Year 2014	Million	
	NOK	EUR ⁴²
Gross turnover (total wagered)	35 852	4 292
Prizes	26 564	3 180
Net turnover (expenditure/loss)	9 288	1 112

Year 2014	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita ⁴³	6 979	835	1 808	216
Per capita, 18 years and older	8 936	1 070	2 315	277
Per household ⁴⁴	15 353	1 838	3 978	476
Percentage of disposable income ⁴⁵	2,71 %		0,70 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 6,979 in 2014.

After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 1,808. This amounts to 0.70 % of the disposable income per household.

41 The exchange rate between EUR/NOK has changed from 7.81 in 2013 to 8.35 in 2014. Please be aware of this if comparing the two years in Euro.

42 Average rate of exchange 2014 as determined by Norges Bank: 8.3534.


43 Average population as determined by Statistics Norway.

44 The average number of persons per household is 2.2.

(Figures from Statistics Norway)

45 Statistics Norway: "Households. Income, expenses and saving" (SSB): Disposable income NOK 1,321,141 million

The Norwegian gaming market - gross turnover (sales) in 2014, total NOK 35 852 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e. approximately NOK 26.0 billion (of this 9.8 billion on IVTs and 4.5 billion on interactive online games⁴⁶), and 0.95 billion on Extra, a lottery also operated by Norsk Tipping.

Norwegians wagered NOK 3.65 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of NOK 4.4 billion, with

entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 4.3 billion. Also included here are side games (electronic⁴⁷ and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately NOK 115 million.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at NOK 272 million. For the other lotteries, we stipulate a turnover of NOK 120 million.


On Norwegian ships sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 453 million in 2014⁴⁸.

46 Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 796 million, and NOK 318 million on Online Casino, Online Scratch games and Online Bingo.

47 Bingo machines


48 On slot machines amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed. On table games the value of chips purchased.

The Norwegian gaming market 2014 - market share of gross turnover (sales)



Total NOK 35,9 billion

The Norwegian gaming market 2014 - market share of gross gaming revenue (GGR)



Total NOK 9,3 billion

Vedlegg

Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra er for det meste henta frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kulturdepartementet.

Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Bingoentreprenørar har rapportert sine tal til Lotteri-tilsynet og vi har registrert tala i Lotteriregisteret. For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølve.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er omsetningstala vi presenterer estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er rekneskapsopplysningar for 2014. I tillegg er tidlegare års statistikk nytta som støtte til estimat.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

Kategorisering av formål

Vi har brukt ICNPO-kodane til organisasjonane for å gruppere til kategoriane under.

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m..

Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

"Særorganisasjonar" eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn/organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.

Organisasjonar med inntekt frå overgangsordning, utbetalt kronebeløp i 2015

Autismeforeningen i Norge	437 769
Barnekreftforeningen	651 444
Brystkreftforeningen	501 697
Cerebral Parese-foreningen	1 284 356
Den Norske Turistforening	6 097 932
Framtiden i våre hender	1 376 486
Harry Benjamin ressurscenter (HBRS)	181 377
Hørselshemmedes Landsforbund	4 893 176
Landsforeningen for Nyre- pasienter og Transplanterte	246 414
Landsforeningen Uventet Barsedød	699 750
Mental Helse	3 425 529
Myalgisk Encefalopati Nettverket i Norge (MENiN)	49 572
Noregs Mållag	734 258
Norges Astma-og Allergiforbund	3 783 502
Norges Fibromyalgi Forbund	403 787
Norges Livredningsselskap	660 309
Norges Parkinsonforbund	762 588
NORILCO - Norsk forening for stomi, reservoar og mage- og tarmkreft	369 845
Norsk Epilepsiforbund	790 916
Norske Kvinners Sanitetsforening	2 389 824
Psoriasis- og eksemforbundet	454 999
Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo	26 757 273
Stiftelsen Livsglede for Eldre	764 479
Stiftelsen Norsk Luftambulans	18 764 368
Veteranforbundet SIOPS - Skadde i internasjonale operasjoner	228 170
Voksne med medfødt hjertefeil (VMH)	79 429
Totalt	76 789 248

Dette er landsdekkjande organisasjonar som ikkje tidlegare har mottatt midlar frå Norsk Tipping's overskot. Jf. Forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping § 6b.

Landslotteri 2014 – organisasjonane i dei ulike kategoriene

Idrett

Norges Badmintonforbund
Norges Fotballforbund (2 lotteri)
Norges Svømmeforbund (2 lotteri)
Sportslotteriet⁴⁹ (2 lotteri)
Det Frivillige skyttervesen

Helse

Stoffskifteforbundet
Foreningen for Muskelsyke
Diabetesforbundet
Hørselshemmedes Landsforbund
Landsforeningen for hjerte og lungesyke
Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte
Landsforeningen Uventet Barnedød
MS- forbundet
Nasjonalforeningen for folkehelsen
Norges Astma- og Allergiforbund
Norges Blindeforbund
Norges Handikapforbund
Norsk Cøliakiforening
Norsk Revmatikerforbund
Norske Kvinners Sanitetsforening
Organisasjonen Voksne for Barn
Psoriasis- og eksemforbundet

Musikk, kultur og fritid

4H Norge
Norges Musikkorps Forbund

Humanitær

Adopsjonsforum
Norges Livredningsselskap
Norges Røde Kors (pantelotteriet)
Norsk Folkehjelp
Redningsselskapet
Stiftelsen Flyktninghjelpen
Strømmestiftelsen
Krafttak for Gaza

Diverse

Den indre sjømannsmisjon
Det Norske Totalavholdsselskap, IOGT i Norge og junior- og barneorganisasjonen JUBA
Kristelig Folkeparti
MA - rusfri trafikk og livsstil
Indremisjonssamskipnaden
Den Norske Israelsmisjon
Noregs Mållag
Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet

49 Sportslotteriet omfattar lotteriløype for Norges Bandyforbund, Norges Basketballforbund, Norges Bokseforbund, Norges Bordtennisforbund, Norges Bowlingforbund, Norges Danseforbund, og Norges Gymnastikk- og Turnforbund.

Berekening for lokale/regionale lotteri

For 2014 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldingslotteri ⁵⁰	Lotteri med løyve ⁵¹
Brutto omsetning i snitt	42 000	412 000
Samla gevinstprosent (kostnad)	14 %	37 %
Overskot av brutto omsetning	80 %	49 %
Tal meldingar/ løyve	2 249	69

			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	95 mill	28 mill	123 mill	120 mill
Estimert gevinst	14 mill	11 mill	24 mill	20 mill
Estimert netto omsetning	82 mill	18 mill	100 mill	100 mill
Estimert overskot til formåla	76 mill	14 mill	90 mill	90 mill

Estimert brutto omsetning år 2014 * 120 mill

- **Gevinst *** 20 mill

= Netto omsetning 100 mill

administrativ kostnad 10 mill

= overskot * 90 mill

Formåla sin del av brutto omsetning 75 %

Formåla sin del av netto omsetning 90 %

Gevinstkostnad av brutto omsetning 17 %

*) runda til næraste 10 mill.

50 Gjennomsnittlege tal frå 1 030 rekneskap registrert av Lotteritilsynet har for 2014, kr 42 446,-

51 Gjennomsnittlege tal frå rekneskapa for alle lotteri med løyve for 2014, kr 411 562,-



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde

Tlf.: 57 82 80 00

postmottak@lottstift.no

lottstift.no

